




Forvaltningskomiteen røystar 5-4 for bustadprosjektet til Per Arild Sjøwall. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- At ein byråkrat hos Fylkesmannen i Bergen skal avgjera ei slik sak er eit overtramp mot lokaldemokratiet. Det sa Øyvind Utne (H) då forvaltningskomiteen onsdag skulle votera over saka om utleggjing av ei flytebyggje på 8 kvadratmeter i Uskedalen. Rådmannen hadde gått imot dispensasjon og det gjorde også komiteen med 5 mot 4 røyster.

Same knappast mogelege røystetal vart det i saka om dispensasjon for Per Arild Sjøwall for bygging av bustad i Kleivadalsvingen, men her var fleirtalet for.



Denne skissa viser kvar Sjøwall vil byggja i Kleivadalsvingen.

Det var Solfrid Eik Skarveland som hadde søkt om flytebyggja på 2 X 4 meter, men rådmannen gjekk imot dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommunedelplanen og viste også til forbodet mot bygging i strandsona. Utne var irritert over denne saka, som han helst ville ha stilt seg positiv til.

- Men eg set ikkje fram noko forslag, det får berre skure og gå, sa Høgre-representanten, som fekk støtte av Endre Blokhus (Frp).

- Dette er eit særdeles lite tiltak, påpeika Blokhus, som streka under at det er langt til næraste båthamn som søkjaren kan bruka. Blokhus tok også fram eit døme frå Mørrekysten, der ein søkjar som fekk nei til flytebyggje monterte motor på ho og med det unngjekk regelverket!

Thorleif J. Hellesøy (US) var positiv til Sjøwall sitt prosjekt og peika på at bustaden vil bli liggjande i tilknytting til eksisterande budstadsfelt.

- Han kjem heller ikkje i kollisjon med landbruksføremål. Det einaste som kan vera eit problem er avstanden til sjøen, sa Hellesøy.

Endre Blokhus viste også til at dette er eit tettbygd område og streka under at det er mangel på frittliggjande tomter i Kvinnherad. Parkering og avkøyring er allereie godkjend. Blokhus fann det naturleg at det skjer ein fortetting på denne staden.

Elin Legland (Sp) peika på at det er utruleg bratt der.

Øyvind Hardeland (Ap): - Eg tenkjer på prosjektet med skrekk og gru, det må i alle fall leggjast inn i terrenget.

Blokhus: - Korleis byggherren løyser problema må vera hans eigen sak. Området er bratt og ulendt og lite brukt av 'almuen'.

Av Ola Matti Mathisen